



---

**Rapport #2**  
(september 2014)

Innlevert fra deltaker:

**[Radøy kommune]**



**Innlevert av:**

Navn: Sveinung Kvamme  
Epost: [sveinung.kvamme@radoy.kommune.no](mailto:sveinung.kvamme@radoy.kommune.no)  
Tlf: 56349040



## Innhald

1	Mandat/plan for prosjektet.....	3
1.1	Mål for prosjektet.....	3
1.2	Effekt og resultatmål .....	3
1.3	Implementering .....	4
1.4	Roller og fordeling .....	4
1.5	Oppgåver og ansvar.....	4
1.6	Økonomi og rammer .....	4
1.7	Kritiske suksessfaktorar for prosjektet.....	4
2	KURSING .....	5
2.1	Framdriftsplan (organisasjonsnivå) .....	5
2.2	Kursinhald.....	5
3	Support og brukarhjelp .....	5
4	Anna.....	5

## 1 Mandat/plan for prosjektet

### 1.1 *Mål for prosjektet*

Ehandelsprosjektet er eit prosjekt for organisasjonsutvikling med tanke på innkjøpsprosess og fakturabehandling samt for å effektivisert ressursbruk knytt til dette. Vi skal nå måla våre gjennom to teknologitrinn:

- Tinging av varer (og tenester) ved bruk av Ehandelsplattforma
- Vismaintegrasjon

I første omgang skal Radøy kommune legge til rette for at ein kan handle varer over Ehandelsplattforma og gjennomføre avrop på utvalde rammeavtaler. Vidare har kommunen ambisjon om å gjennomføre hovudvekta av tingingana innafor rammeavtaler via Ehandelsplattforma. Den langsigtige visjonen er at alle innkjøp skal skje elektonisk.

### 1.2 *Effekt og resultatmål*

Radøy kommune har desse effektmåla gjennom prosjektet:

- reduserte transaksjonskostnader og effektivisert ressursbruk
- etterleve lovkrav

Radøy kommune har desse resultatmåla gjennom prosjektet:

- sende den første ehandelsordren innan 01.11.2014
- auka lojalitet til rammeavtaler i heile organisasjonen
- enklare å kjøpa rett (avtale)produkt
- reduserte innkjøpskostnader
- betre budsjettstyring
- betre styringsinfo og statistikkgrunnlag
- lågare tal faktura inn til kommunen
- minimere behovet for skanning av papirfaktura
- færre leverandørar
- betre integritet i systema
- hjelpa til at lokalt næringsliv etablerer ehandelsløysingar



---

For dei fleste av måla nemnd over vil ein ikkje kunne haust full gevinst før etter at teknologitrinn 2 er gjennomført gitt at alle einingane nytter ehandelsverktøyet til innkjøpa sine og at flest mogeleg leverandørar ligg inne i ehandelsverktøyet med aktuelt sortiment.

Produktet frå prosjektet vil vera

- endra arbeidsprosessar og arbeidsrutinar
- ny teknologi for innkjøp

## 1.3 Implementering

Radøy kommune skal vera i gang med ehandel innan 01.11.2014 for sørvistorget. Innan 15.02.2015 skal og skular og andre einingar som ønskjer det, vera i gang med ehandel.

## 1.4 Roller og fordeling

Oppdragsgjevar: Rådmannsgruppa

Styringsgruppe: Gruppe utpeikt av rådmannsgruppa

Prosjektleiar: Arthur Berg Reinersten

Koordinator i Radøy kommune: Sveinung Kvamme

## 1.5 Oppgåver og ansvar

Koordinator har det daglege arnsvaret for framdifta i prosjektet for Radøy kommune og koordinerer arbeidet.

## 1.6 Økonomi og rammer

Det er ikkje løyvd pengar til arbeidet med Ehandelsprosjektet utover tilskotet frå DIFI til Hordalandsprosjektet. Mogelege kostnader for Radøy kommune utover dette vert dekka over driftsbudjettet

## 1.7 Kritiske suksessfaktorar for prosjektet

Ehandelprosjektet inneheld mellom anna element som teknologi og kultur både hjå kommunen som bestillar og hjå leverandørar. Alle som skal ta del i prosjektet må forstå kva ehandel er, få opplæring i bruken av verktøyet, innsikt i prosessane og ville nytte ehandel som innkjøpsverktøy. Viktige vilkår for at prosjektet skal bli vellukka er difor at:

- leiinga på alle nivå støttar prosjektet
- det vert sett av naudsnyt tid og ressursar til alt arbeidet i alle ledd
- det vert gitt god informasjon og opplæring på rett tid til alle som kjøper inn
- alle involverte er godt førebudd til den kultur- og handlingsendringa som må skje



- 
- at leverandørar støtter prosjektet og tek aktivt del i utvikling av den digitale samhandlingsløysinga som ehandel skal vera

## 2 KURSING

### 2.1 *Framdriftsplan (organisasjonsnivå)*

Dato	Tid	Sted	Hvem	Kurshaldar
<b>28.10.2014</b>	09:00-11:00	Rådhuset	Servicetorget	Sveinung Kvamme
<b>Medio januar 2015</b>	3 timer	Rådhuset	Oppvekst	Sveinung Kvamme
<b>Primo februar</b>	3 timer	Rådhuset	Helse og omsorg	Sveinung Kvamme

### 2.2 *Kursinhald*

- Info om bruk av rammeavtaler, det offentlege sitt ansvar, innkjøpssamarbeidet med Bergen
- Praktisk opplæring i ehandelmodulen

## 3 Support og brukarhjelp

Sveinung Kvamme er superbrukar i kommunen. Gjennom prosjektet er det etablert kontakt med superbrukarar i dei andre kommunane i Nordhordland.

## 4 Anna

Ingen punkt her